



Statens vegvesen

Helland Eiendom & Invest AS

Gaute Helland

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
17/60826-3

Dykkar referanse:

Vår dato:
15.06.2017

Uttale – Fv. 407 – Avkøyrsløse og byggjegrænse – Gnr. 88 bnr. 2, 67 – Radøy kommune

Statens vegvesen syner til søknad om utvida bruk av avkøyrsløse mottatt 27.04.2017. Vi var på synfaring på staden 29.05.2017.

Det er søkt om utvida bruk av avkøyrsløse for å bygge to 2-mannsbustader på gnr. 88 bnr. 67 på Sæbø i Radøy kommune. Vi legg likevel til grunn at det er bnr. 2 som skal frådelast. Det er opplyst at tiltaket er i samsvar med arealdelen av kommuneplan for Radøy og at tiltaket ikkje utløyser krav om reguleringsplan.




Fig: Skisse vedlagt søknaden.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Avkøyrslø:

Avkøyrslø frå offentleg veg må vere godkjent av vedkommande myndigheit før det vert etablert ny eigedom jf. pbl. § 27-4 og veglova §§ 40-43.

Vi var på synfaring og målte sikt og geometrisk utforming av avkøyrslø. Avkøyrslø er for det meste er i samsvar med våre krav til utforming. Vi meiner difor at det kan påreknast løyve til utvida bruk av avkøyrslø dersom Radøy kommune vel å gje løyve til omsøkte tiltak.

Byggjegrense:

Det er lagt ved ei skisse til søknaden som syner tenkt plassering av to bygg. Den generelle byggjegrensa langs fylkesveg er 50 meter frå vegmidte. På skisse vedlagt søknaden er det plassert bygg svært nær vegen. Sjølv om skissa ikkje er i målestokk og det vanskeleg å måle avstand frå vegmidte er dette noko vi i utgangspunktet ikkje vil akseptere. Basert på mellom anna *Rammeplan for avkøyrslø og byggjegrensar på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013 - 2016)* meiner vi at alle tiltak på eigedomen må trekkast minimum 15 meter frå vegmidte. Vi gjer merksam på at byggjegrensene også gjeld tiltak som til dømes takutspring, terrasser, parkering og garasje.

Tilkomstveg:

Vi vil gjere merksam på at tilkomstvegen verker bratt og vi vil rå til at utbyggjer / kommunen vurderer om det er behov for å utbetre tilkomstvegen før det vert gjeve løyve til nye tiltak på eigedomen.

Vidare saksgang:

Før vi tar endeleg stilling til din søknad om utvida bruk av avkøyrslø og dispensasjon frå byggjegrense ber vi om at du tar kontakt med kommunen for å avklare om søknad om deling av grunneigedom og tiltaket i seg sjølv treng dispensasjon etter plan - og bygningslova.

Vi ber om at ein ser på utforming av tomtene på ny og at søknaden i høve til byggjegrense langs veg vert retta opp i samsvar med våre merknader.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER

